



Årsmelding for Hardangerkoret 2020

Norheimsund, mars 2021

Hardangerkoret rakk ei samling i 2020 før korsong blei risikoåtferd. Likevel fekk koret til tre samlingar sist år etter grundige diskusjonar om tilråding for korsong og smittevern i forkant.

14.-16. februar var det øvingshelg i Norheimsund kyrkje, med overnatting på Sandven hotell.

5. – 7. juni vart det opna for øvingshelg på Hardangerfjord hotell i Øystese der julesongar til julekonsert i desember blei gjennomgått. Prots var sjukemeld, og koret leigde difor inn Birgitte Velsvik som vikar til øvingshelga. Prots måtte nøye seg med å lytta til utvalde tonar over telefon. Hotellet i Øystese var nyopna, og koret fekk nytte godsaker frå det nye kjøkkenet på hotellet. Piano vart leigd inn frå Øystese bedehus, og korlemene freista etter beste evne å etterleve godt smittevern.

13.-17. oktober samlast koret til øvingshelg i den gamle gymsalen på Jondal skule. Der var det rom for å halde god songavstand etter gjeldande retningslinjer. Prots var med og inspirerte til intonasjon og rytmisk presisjon. Julesongar til ein eventuell julekonsert i desember stod på repertoaret. Grunna lang sesong på sommarskiserteret var det trangt om overnattingsplassene i Jondal, men med kreative løysingar fekk alle som trong det ei seng. Julekonserten vart diverre avlyst på grunn av at styresmaktene oppmoda om reduserte aktivitetar før jul.

Styret har hatt 8 styremøte, alle over telefon, og 3 fleire enn året før. Det nye styret konstituerte seg med Anne Karin Stormyr – leiar, Eva Nærø – nestleiar, Gunnar Dalseth – kasserar, Randi Støre Gjerde – styrelem og kaffiansvarleg, Elin Vestbøstad – sekretær, Anne Marie Røynesdal og Trude Lydvo – varalemer. Eva fungerte som leiar frå februar til over sommaren.

Styret har tilsaman handsama 55 saker som gjaldt spørsmål om avlysing eller gjennomføring av korhelger og konsertar, m.m. Saker som har hamna i skuggen av koronaåret gjeld særleg finansiering av korseminar, og i skrivande stund er dette uavklart.

Hardangerkoret hadde i 2020 ca. femtifem betalande medlemmer, 23 sopranar, 19 altar, 5 tenorar, 8 bassar – frå Ullensvang, Ulvik, Eidfjord, Voss, Kvam, Kvinnherad, Stord, Bømlo, Bergen og Askøy.

Hardangerkoret får framleis ha Per Oddvar Hildre som fast dirigent. Det er inspirerende å øve på samklang og tonepresisjon, men mest av alt - å få syngje.

Styret nyttar høvet til å takke, både dirigent og kvar og ein i koret, for å vere med å gjere øvingane til eit song-lyspunkt i eit underleg år. Vona er at koret snart kan koma saman til øvingar og konsertar, med song og musikalske opplevingar både for koret og alle som kjem for å lytte til tonane.

Ref Elin Vestbøstad